



Helge Rød As
Valestrandsfossen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/361 - 17/29436

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
11.10.2017

Førebels svar - trong for tilleggskontroll - gbnr 108/68 Lindås

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 108/68
Tiltakshavar: Olav Knarvik
Ansvarleg søkjar: Helge Rød As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 10.10.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om endring av gitt løyve må nabovarslast. Nabovarsel av 108/3, 108/320, 108/32 samt 108/321 då bustaden kommer høgare og kan ha betydning for utsikt også for sistnevnte eigedom.
2. Vi ber om ei attendemelding på kva konsekvens ei terrengheving på inntil 0,8 meter får for stigningstilhøve på tilkomstvegen fram til bustaden. Stigningstalet på godkjent situasjonsplan og endra situasjonsplan er uendra sjølv om terrengplassering av bustadnen og uteområde rundt bustaden er heva.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla **innan 31.10.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.



Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1/forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Rød As

Valestrandsfossen 5281

VALESTRANDSFOSSEN

Mottakarar:

Helge Rød As

Valestrandsfossen 5281

VALESTRANDSFOSSEN

Olav Knarvik

Eidsvågveien 103 5105

EIDSVÅG I ÅSANE